

Tussa Kraft AS
Langemyra 6
6150 ØRSTA

Vår dato: 16.05.2017
Vår ref.: 201702025-4
Arkiv: 317
Deres dato:
Deres ref.:

Saksbehandler:
Kjetil Greiner Solberg

Oversending av revisjonsrapport Vatne og Bjørdal kraftverk, Ørsta kommune

Vi viser til revisjon av Vatne og Bjørdal kraftverk og sender rapporten frå revisjonen som blei gjennomført 9.-10. mai 2017. Revisjonen var vasla i brev av 25.04.2017.

Ved revisjonen blei det funne 3 avvik og gitt 2 merknader. Revisjonsrapporten skildrar dei avvik og merknader som blei avdekket. Dokumentasjon på lukking av avvik skal sendast til NVE innan gitte tidsfristar.

Frist for å uttale seg i saka er sett til 9.6.2017. Vi oppfordrar særleg til at faktiske opplysningar som gjeld saka, blir korrigert eller supplert. Dersom uttale ikkje er kome til NVE innan fristen, vil NVE legge til grunn dei opplysningane som ligg føre i saka.

Med hilsen

Ingunn Åsgard Bendiksen
avdelingsdirektør

Øyvind Leirset
seksjonssjef

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Vedlegg: 1 Revisjonsrapport

Kopi: Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Ørsta kommune

Revisjonsrapport

| | |
|----------------------------------|--|
| Revidert eining: | Tussa Kraft AS, org nr 916 929 641 |
| Revisjonsdato: | 9. – 10. mai 2017 |
| Stad: | Tussaeveien, Ørsta |
| Medverkande frå revidert eining: | Miljøansvarleg, Svein Vassbotn Stasjonsansvarleg, Terje Viddal VTA, Arild Lystad |
| Revisorar frå NVE: | Revisjonsleder Kjetil Greiner Solberg Medrevisor Randi Holme |
| Seksjon | Seksjonssjef Øyvind Leirset, TBM |

1 Innledning

1.1 Bakgrunn og formål med revisjonen

Revisjonen blei avvikla i forbindelse med NVE sin gjennomgang av kraftverk som har innverknad på nasjonale laksevassdrag. Dette er grunnen til at Tussa Energi fekk revisjon etter IK-vassdrag to år på rad.

1.2 Revisjonsgrunnlag

I denne revisjonen var revisjonsgrunnlaget følgende:

- Lover og forskrifter:
 - Lov av 14. desember 1917 nr 17. om vassdragsreguleringar
 - Forskrift av 28.10.2011 nr. 1058 om internkontroll etter vassdragslovgivningen (IK-vassdrag)
- Konsesjonsvilkår:
 - Vatne kraftanlegg gitt ved kgl.res. datert 19. september 1986 med tilhøyrande manøvreringsreglement
 - Bjørdal kraftverk gitt ved kgl.res datert 11. desember 1998 med tilhøyrande manøvreringsreglement
- Vedtak og godkjenningar med heimel i løyve til Vatne og Bjørdal kraftanlegg.
- NVE sitt pålegg om hydrologiske undersøkelser i Ørstavassdraget datert 16.04.1996
- NVE sitt pålegg om merking av reguleringsgrenser og nivå for minstevassføring datert 03.07.2001
- Rapport frå magasinkontroll datert hausten 2008, kontrolldato 07.10.2008 og 09.10.2008

1.3 Tema for revisjonen

Revisjonen omhandla følgende tema:

- Kompetanse IK-vassdrag, § 5-3
- Målingar og registreringar, IK-vassdrag § 5-5
- Kartlegging av fare og problemområde, IK-vassdrag § 5-6

1.4 Funn

3 avvik

2 merknader

Avvik er: Brot på krav i regelverk og løyver gitt i eller i medhald av energi- og vassdragslovgjevinga og andre lover NVE forvaltar.

Merknad er: påpeking av forhold med moglegheiter til betring eller et forhold som bør vurderast nærare av verksemda, men som ikkje er brot på gitte krav.

1.5 Generelle kommentarar

Tussa Energi AS har utarbeidd eit overordna system etter IK-vassdrag. Revisjonen viste at det står att å tilpasse dei generelle sjekklisterne og systema til dei spesifikke kraftveka. Vatne og Bjørdal kraftverk påverkar Ørstavassdraget som er eit nasjonalt laksevassdrag og drifta må ta omsyn til dette. Etter opningsmøte i Tussa Kraft AS sine lokale drog ut vi på tilsyn. Det var snø ved Kvanndalsvatn så vi starta tilsynet ved Bjørdal kraftverk. Vi så på elva, Dam Vatne, Vatne kraftverk, utløpet av Vatnevatnet og fann også elvemusling i elva nedstraums kraftverka. Vi fekk et godt inntrykk av elva. Ettersom det hydrologiske pålegget frå 16.4.1996 ikkje var følgd opp gjekk vi gjennom dette saman etter tilsynet.

2 Skildring av avvik

| Avvik 1 | |
|---------|--|
| Krav | <i>Pålegg om hydrologiske undersøkingar datert 16.04.1996</i> |
| Avviket | Tussa Energi har ikkje følgd opp pålegg om hydrologiske undersøkingar datert 16.4.1996: Moglegheit for ålmenta å lese av minstevassføring ved inntak Vatne kraftverk. Logging av total avrenning frå dam Vatne. Det skal loggast døgnetleg middel av driftsvassføring og overløp/forbislepping (m ³ /s pr. kalenderdøgn). Loggar ved dam Vatne er ikkje etablert. Temperaturloggar i Åmdalselva er ikkje etablert. |

| | |
|-------------------|--|
| Dokumentasjon | Ved synfaring ved anlegget 9.5.2017 var ikkje ovanfor nemnde pålegg følgd opp. |
| Korleis lukke | Sende inn dokumentasjon i form av bilete på at dei aktuelle pålegga er følgde opp. |
| Frist for lukking | Dato: 31.12.2017 |

| Avvik 2 | |
|-------------------|--|
| Krav | <i>§ 5-5: Den ansvarlige skal foreta og protokollere de målinger og registreringer som er nødvendige eller pålagt for å sikre at anlegg og tiltak drives i samsvar med krav fastsatt i eller i medhold av vassdragslovgivningen</i> |
| Avviket | Tussa Energi manglar følgjande etter magasinkontroll 9.10.2008: <i>Målestav eller display ved Furskvannalstjønn.</i> <i>Tussa energi kan ikkje legge fram skriftleg dokumentasjon på kontroll av minstevassføring ved Vatne kraftverk.</i> |
| Dokumentasjon | Det vart opplyst i samtale under revisjonen at målestav ved Furskvannalstjønn ikkje er sett opp. Det vart vidare opplyst at skriftleg logg av kontroll av minstevassføring ved Vatne kraftverk ikkje kan leggest fram. |
| Korleis lukke | Det skal sendast inn dokumentasjon i form av bilete av målestav, og slepp av minstevassføring frå inntak Vatne kraftverk skal dokumenterast skriftleg. Det skal sendast inn utdrag av skriftleg logg frå siste halvdel av mai og juni månad 2017. |
| Frist for lukking | For Furskvannalstjønn, målestav: 31.12.2017 For skriftleg dokumentasjon minstevassføring: Umiddelbart. |

| Avvik 3 | |
|-------------------|--|
| Krav | <i>§ 5-6: Den ansvarlige skal kartlegge farer og problemområder med hensyn til miljø og sikkerhet og på denne bakgrunn vurdere risiko, samt utarbeide tilhørende planer og gjennomføre tiltak for å redusere risikoforholdene</i> |
| Avviket | Det kunne ikkje leggest fram skriftleg systematisk kartlegging av problemområde knytt til miljø og landskap for Vatne og Bjørdal kraftanlegg. |
| Dokumentasjon | I dokumentasjonen som var tilsendt før revisjon og i det som vart lagt fram under revisjonen er ikkje drifta av kraftverka sin verknad på Ørstavassdraget som nasjonalt laksevassdrag vurdert skriftleg. |
| Korleis lukke | Det skal utarbeidast ei skriftleg kartlegging og risikoanalyse for drifta av Vatne og Bjørdal kraftverk sett i høve til verdiane i det nasjonale laksevassdraget. Dei nedre delane av vassdraget må vurderast som tilsynsobjekt. Analysen skal munne ut i spesifikke sjekklister for tilsyn for miljø og landskap ved anlegga, og utarbeiding av ev. handlingsplanar for avbøtande tiltak. |
| Frist for lukking | 31.12.2017 |

3 Skildring av merknader

| Nr. | Merknader |
|-----|--|
| 1 | <p>Krav:</p> <p><i>§ 5-2: Oversikt over vassdragsanlegget, kart, teikningar</i></p> <p><i>Tussa energi har ikkje kartfesta alle hjelpeanlegg/anleggsdelar ved Vatne og Bjørdal kraftanlegg. Døme, morenetak på Kvanndalsvatn, tipp i Kvanndalsbotn</i></p> |
| 2 | <p>Krav:</p> <p><i>§ 5-5: Den ansvarlige skal foreta og protokollere de målinger og registreringer som er nødvendige eller pålagt for å sikre at anlegg og tiltak drives i samsvar med krav fastsatt i eller i medhold av vassdragslovgivningen</i></p> <p><i>Tussa energi må vurdere om det er tilstrekkeleg å kontrollere slepp av minstevassføring til eit nasjonalt laksevassdrag ein gong i veka.</i></p> |